

Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP)
c/o Bergen Byarkiv
Pb 7700
5020 Bergen
e-post: postmottak@llp.no

Kulturdepartementet
Postboks 830 Dep
0030 Oslo
e-post: postmottak@kud.dep.no

Bergen 20.08.2015

Oppfølging av møte 12. august mellom LLP og Kulturdepartementet

LLP takkar for møtet 12. august, og vi er glade for at møtet var mogeleg å gjennomføre på relativt kort varsel. LLP ønsker å følgje opp enkelte punkt frå møtet, og mellom anna av omsyn til vårt vidare arbeid mot Familie- og kulturkomiteen ser vi frem til raskt svar på dette brevet. Innleiingsvis vil vi og få be om eit møte med tilsvarande tema på nyåret 2016.

LLP merka seg at det blei gjeve signal om at det er spelt inn framlegg om auka ressurser til arkivutvikling i budsjettprosessen, og at LLP sitt innspel om auka behov for prosjekt- og utviklingsmidlar vil bli brakt vidare. Det er me glade for. I likskap med departementet er LLP nøgde med SAMDOK-prosjektet, der vi saman med Riksarkivaren er ein av fleire samarbeidspartnarar.

LLP sin første kommentar er knytt til vårt syn på arkivsektoren, og der det kom fram av møtet at LLP og departementet har svært ulike oppfatningar av både "allmentilstanda" til sektoren og av naudsynte virkemiddel for utvikling av ein samla sektor. Kulturdepartementet deler ikkje LLP si oppfatning om at arkivsektoren er nedprioritert, men meiner derimot at den har gått gjennom eit løft dei siste år. Under møtet vart det lagt fram argument om at det har blitt gjeve løyvingar på ulike område som har budsjettmessige konsekvensar. I samband med dette ber vi om å få dokumentasjon med konkrete summer på desse løyvingane. Vi ønskjer og å få vite kva sum som vart lagt att i den tidlegare post 77 øyremerkja arkiv i museum (no ein del av overskotet til Norsk Tipping).

Som LLP gav uttrykk for i møtet er heile arkivsektoren samla om at sektoren er nedprioritert, og at støtteordningane for styrking og utvikling er kraftig reduserte dei siste åra. Dette gjeld prosjekttilskot både til dei statlege arkivinstitusjonane, dei kommunale arkivinstitusjonane og dei private arkivinstitusjonane. Tilbakemeldingar til LLP sitt sekretariat vitnar om ei sterk uro for heile sektoren. På dette grunnlaget finn LLP det underleg at departementet så klårt meiner at sektoren som heilskap har gjennomgått eit løft og at det ikkje er grunn til bekymring. Statlege ressursar til utvikling av arkivsektoren har blitt færre og færre dei siste åra, og samanlikna med til dømes biblioteksfeltet har arkivsektoren kome særst dårleg ut. Kva slags løft meiner departementet arkivsektoren har gjennomgått, og kva tenkjer departementet om samanlikninga med bibliotekssektoren?

LLP sin andre kommentar er knytt til skiljet mellom arkiv og museum når det gjeld privatarkiv. Etter omlegginga av Kulturrådet er privatarkivfeltet i Noreg delt mellom Arkivverket og Kulturrådet. LLP meiner dette er ein dårleg struktur. I mange offentlege utgreiingar er det uttalt at privatarkiv er

underrepresentert i vår samla samfunnsdokumentasjon, og at det er behov for å auke satsinga på dette området. Når Arkivverket no har det overordna ansvaret for privatarkivarbeidet i Noreg er det særst uheldig å splitte opp arkivomgrepet utfrå institusjonstilknytning. Arkivarbeidet i musea vil bli særleg ramma av dette, både på overordna nivå og i det praktiske arbeidet.

Departementet oppgav SAMDOK-prosjektet som ei av hovedsatsingane på feltet. I dette arbeidet er museumssektoren ikkje inkludert på same måte som arkivsektoren. Heller ikkje tilskotsordningane er lagt til rette for at arkivsektoren sin kompetanse kan brukast når det skal vurderast kva prosjekt som bør prioriterast ved statlege løyvingar gjennom tilskotsordningar. Dette vil og kunne hindre ei utvikling som inneberer lik praksis i arbeidet med bevaring, ordning og registrering av arkivalia. Ei slik utvikling vil følgjeleg vere ei hindring i arbeidet med den heilskapelege samfunnsdokumentasjonen, og kan vere ei hindring som kan medføre at svært viktig historisk materiale, kulturarv og rettighetsdokumentasjon går tapt. Me ber difor departementet om å vurdere om ein kan finne organisatoriske løysingar som vil vere foreinlege med desse viktige faglege prinsippa, og som vil tene arkivarbeidet i begge sektorar.

LLP sin tredje kommentar gjeld sjølve støtteordninga for privatarkiv. Departementet sa under møtet at denne ordninga – som Stortinget oppretta i 2010, blei ”avvikla” allereie i 2011, og at det etter dette er Kulturrådet som ut frå eit fagleg behov har løyva pengar. LLP har etter møtet gjennomgått ei rekke dokument, og meiner at dette er klårt misvisande: Støtteordninga og forvaltning av denne som ei eiga ordning er omtalt i ei rekke offisielle styringsdokument, i alle høve til og med 2014. I Arkivmeldinga er støtteordninga nemnt fleire gonger. I departementet sitt tildelingsbrev til Kulturrådet for 2014, kap. 6.4, er tilskot til privatarkiv nemnt spesielt, og som ei eiga ”ordning” på post 77. Det same gjeld for åra 2011, 2012 (kap. 5.3) og 2013 (kap. 5.4). I tildelingsbrevet for 2011 står det:

”Støtteordningen for privatarkiv ble under Stortingets budsjettbehandling flyttet fra kap. 320 post 74 til kap. 320 post 77. Det skal fordeles minst 2 mill. kroner til prosjekter knyttet til privatarkivsektoren, jf Innst. 14 S (2010-2011).”

Dåverande kulturminister Tadjik uttalte i april 2013 under Stortinget si handsaming av Arkivmeldinga at

[...]”Det at me reviderer verkeområdet for arkivlova har betydning for det, men ikkje minst har Riksarkivets nye oppgåve om å skape ein heilskapleg strategi for privatarkiva, og det at Norsk kulturråd si støtteordning vert retta særleg inn mot musea sitt arbeid med privatarkiv, betydning for det, når me veit at ein tredjedel av privatarkiva er knytt til museum.”

LLP stiller seg på denne bakgrunnen undrande til at støtteordninga for privatarkiv kan oppfattast å ha vorte avvikla i 2011, og ber departementet om ein utfyllande kommentar. Departementet si uttale om støtteordninga har vekt oppsikt fleire stader, så det er eit stort behov for oppklaring på dette punktet.

Med helsing,

Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP)

Tom Oddby (s)
Styreleiar